

Kultur- og kyrkjedepartementet
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

N
KA
NORSKE
KIRKEAKADEMIER

193

200604669 041206
Ki-501

Vår dato: 30.11.06
Vår ref.: 619/060

Postboks 1043 Sentrum
N-0104 Oslo, Norge
Besøksadresse
Rådhusgata 1-3

Telefon +47 23 08 14 50
Telefaks +47 23 08 13 81
post@kirkeakademiene.no
www.kirkeakademiene.no

Organisasjonsnr. 971 272 597
Kontonr. 6026 05 02835

Medlem av Ecumenical
Association of Academies
and Laity Centres in Europe
(EAAECE)

NOU 2006: 2 Staten og Den norske kirke - Høyring

Vedlagt oversender vi høyringsvar frå styret i Norske kyrkjeakademi.

Med venleg helsing



Margunn Sandal
generalsekretær

NOU 2006: 2 Staten og Den norske kirke - Høring

301106

Styret i Norske Kyrkjeakademi (NKA) takkar for invitasjonen til å vere høyringsinstans for NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke. Kyrkjeakademirørsla er eit frivillig og uavhengig nettverk av lokale arrangørar og formidlingsaktørar som opererer i skjæringspunktet mellom kyrkje/kultur og samfunn. NKA har i dag 58 medlemsakademi rundt om i landet. Styret i NKA har ikkje mandat til å uttalte seg på vegne av dei einskilde sjølvstendige medlemsakademia. I ei økumenisk rørsle som vår vil vere ulike meiningar om dei sakene som høyringsskjemaet tar opp, og det er ikkje naturleg for NKA å gå djupt inn i einskilspørsmål som vedkjem Den norske kyrkjas organisasjon. Samstundes inneheld Gjønnnesutvalet si innstilling forslag som vedkjem samfunnet som heile, religionane sin plass og kristendomen si stilling i Norge. Styret i NKA vil komme med nokre overordna synspunkt på viktige vegval når relasjonen mellom kyrkje og stat no blir revurdert. Dette gjer vi med utgangspunkt i kyrkjeakademirørsla sitt engasjement for å styrkje kontakten mellom kyrkja og kulturen og samfunnslivet, slik det er formulert i vedtektene våre.

Norske kyrkjeakademi meiner at staten skal føre ein aktiv og støttande trus- og livssynspolitikk. Statens religionspolitikk skal sikre trus- og livssynsfridom for alle. Lik handsaming av religions- og livssynssamfunna bør vere styrande i religions- og livssynspolitikken utan at dette undergrev den spesielle stillinga den kristne tradisjonen har i Norge. Idealet om lik handsaming av trus- og livssynssamfunna inneber at det bør utarbeidast finansieringsordningar som er bygd på dette prinsippet. Samstundes trengst det takast høgde for at Den norske kyrkja, med sin landsdekkande organisasjon og med alle sine gamle kyrkjebygga har særskilte finansieringsbehov.

Norge utviklar seg i retning av å bli eit stadig meir fleirkulturelt og fleirreligiøst samfunn, samstundes som kristne tradisjonar og verdiar enno i høg grad pregar kulturen og samfunnet vårt. Helger, høgtider og kviledagar er strukturert etter den store kristne forteljinga. I landskapet vitnar kyrkjebygga om kristendommen si 1000-årige historie i landet. Det kristne fortolkingsuniverset har sett djupe spor i visuell kunst, arkitektur, litteratur og musikk, og det er framleis ei inspirasjonskjelde for mange kunstnarar. Kristendommen er det viktigaste fortolkingsuniverset og ankerpunktet for menneske ved dei store overgangane i livet og i møte med døden. Kristne verdiar er vevd inn i lover og reglar for fellesskapet.

På bakgrunn av dette vil NKA særleg utdjupe følgjande punkt vi meiner det er viktig å ha i mente når val av kyrkjeordning, finansieringsordning og ansvarsfordeling skal gjerast:

- Finansieringa av kyrkja bør ta høgde for dei aspekta som **gjer kyrkja open, vidfemnande og allment tilgjengeleg**. Mange menneske i Norge har ei sterk kulturell forankring i den kristne tradisjonen, og kristne verdiar er viktige orienteringspunkt for einskildmenneske sine etiske og moralske val. Norske kyrkjeakademi er opptatt av at staten, same kva kyrkjeordning vi får, skal føre ein trus- og livssynspolitikk som tar vare på slike allmenne religiøse og kulturelle behov, sjølv om dei ikkje alltid lar seg klårt definere. Vi etterlyser religions- og kyrkjepolitiske strategiar som tar vare på den store gruppa kristne som har ei tilknytning til kyrkja og den kristne tradisjonen, sjølv om dei ikkje er aktivt engasjert i kyrkjelyden. Finansieringsordninga må vere slik at menneske ikkje opplever at det er ein økonomisk terskel for å ha ei tilknytning til kyrkja. Og samstundes må kyrkja ikkje bli driven i kommersialiserande retning for å sikre eige finansieringsgrunnlag.

- Finansieringa må kunna **sikre den verdfulle kyrkjelege kulturarven**. Den norske kyrkja eig den mange hundreårige kulturarven som kyrkjebygga, kyrkjegardane og prestegardane representerer. Samstundes tilhøyrer denne kulturarven oss alle. Slik bør det også vere i framtida. Det er av allmenn interesse at denne kulturarven blir tatt godt vare på. Kyrkjebygga og kyrkjegardane med deira kulturar er tett bundne saman og bør sjåast under eitt. Dei tilhøyrer lokalsamfunnet og inngår i vår nasjonale kulturskatt. NKA legg til grunn at kyrkjebygga framleis skal vere soknet sin eigedom og at kommunen framleis skal vere finansielt hovudansvarleg for bygga. Samstundes utgjer desse bygga ein nasjonal skatt. Det bør difor leggjast opp til eit samvirke mellom kommune og stat for å sikre vern og vedlikehald av kyrkjene. Same kva ordning ein går inn for i framtida trengst det setjast i gang strakstiltak for å ta vare på kyrkjene. Styret i NKA støtter Gjønnesutvalet sitt framlegg om å opprette ei særskild kyrkjeantikvarisk tilskotsordning tilsvarende den svenske ordninga.
- Det er også viktig å sikre at **framtidige kyrkjebygg får karakter av å vere offentlege bygg** og at **kyrkja held fram med å vera ein aktiv kulturaktør**. Det vil seie at finansieringsordninga gjer det mogleg å bygge nye kyrkjer som har god arkitektonisk kvalitet. Det bør stillast krav til like høg kunstnarleg kvalitet på utsmykkinga av kyrkjebygg som på andre offentlege bygg. Og finansieringa må sikre høg kunstnarleg kvalitet og stimulere til nyskaping innafor alle kunstfelta. Dette gjeld også kunstartar som musikk, dans og drama. God kunst opnar opp og gjer det mogleg å sjå og erfare det religiøse på forskjellige måtar, også i kyrkja.
- NKA sitt styre støttar også fleirtalet i Gjønnesutvalet i spørsmålet om **forvaltninga av gravferder**. Dette er ei **allmenn oppgåve som det offentlege må ha hovudansvaret for**, og ei slik ordning er den beste ut frå prinsippet om likehandsaming av menneske med ulik religiøs tilknytning. Men sjølv om hovudregelen er at kommunen har ansvaret for gravferdsforvaltninga, vil det mange stader vere ei god ordning å overføre dette ansvaret til kyrkjeleg fellesråd, særleg i dei delar av landet der kyrkjebygg og kyrkjegardar utgjer ein integrert heilskap. Styret i NKA vil understreke kor vesentlege gravferdene er som kyrkjeleg kontaktpunkt for mange menneske. Den kyrkjelege tilknytninga blir særleg tydeleg der gravferdsritualet føregår i kyrkjebygget. Det er difor viktig at blir lagt til rette, praktiske og økonomisk, for at gravferdsritualet blir lagt til eit kyrkjebygg, der det er ønskje om det. NKA vil åtvare mot ei utvikling der gravferder blir gjenstand for kommersialisering.
- NKA vi understreke at, same kva kyrkjeordning vi får, så må det **leggast til rette for frivillig innsats for styrking av demokratiet**, slik at ein langt større del av dei som er med i kyrkja, men ikkje aktive i kyrkjelyden, tar del i kyrkja sine demokratiske prosessar. Skal kyrkja framleis ha ein plass i eit felles offentleg rom og ha relevans i folk sitt liv, er det viktig at dei styrande organa i kyrkja er samansett av folk som har forskjellig erfaring, kunnskap og kompetanse. Som representantar for ein lekfolksorganisasjon vil styret i NKA understreke at engasjementet frå eit breitt lekfolk er heilt avgjerande for at kyrkja framleis skal vere ei kyrkje i og for folket. Det lekfolket som er engasjert i frivillig arbeid har ofte tilført kyrkja mangfaldige erfaringar, ny kunnskap og breidde i samfunns- og kulturengasjementet. Det er viktig å ha valordningar som sikrar lekfolket sitt engasjement og som slik styrkar den demokratiske deltakinga og breidda.